



Norske Felleskjøp SA

# Prognose for tilgang og forbruk av norsk korn for sesongen 2019/2020

13. august 2019

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å skape balanse i kornmarknaden i Norge. Norske Felleskjøp skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet. Sentrale verkemiddel er tiltak mot periodiske overskott og tilrådingar om nødvendig import av råvarer. Prognosar er grunnlaget for gjennomføringa av desse tiltaka og tilrådingane. Augustprognosen gir også grunnlaget for fastsetting av omsetningsavgifta for sesongen.

## Tilgangsprognose

Norske Felleskjøp gir følgjande prognose for tilgang av norsk korn til matmjøl- og kraftfôrindustrien for sesongen 2019/2020:

### Tilgang norsk korn (tonn)

	Gjennomsnitt 2014-18	Tilgang 2018	Prognose 2019	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	165 000	84 400	<b>253 000</b>	153 %	300 %
Fôrkveite	164 000	42 100	<b>175 000</b>	107 %	416 %
Kveite i alt	329 000	126 400	<b>428 000</b>	130 %	339 %
Matrug	21 000	2 400	<b>17 000</b>	81 %	708 %
Fôrrug/rugkveite	16 000	5 300	<b>29 000</b>	181 %	547 %
Rug i alt	37 000	7 700	<b>46 000</b>	124 %	597 %
Bygg	505 000	406 500	<b>551 000</b>	109 %	136 %
Havre	259 000	146 300	<b>248 000</b>	96 %	170 %
Korn totalt	1 130 000	687 000	<b>1 273 000</b>	113 %	185 %
Erter	3 000	2 700	<b>3 000</b>	100 %	111 %
Oljefrø, åkerbønner	10 000	7 200	<b>6 000</b>	60 %	83 %
Korn, erter, oljefrø	1 143 000	697 000	<b>1 282 000</b>	112 %	184 %
Matandel kveite	50 %	67 %	<b>59 %</b>		
Matandel rug	57 %	31 %	<b>37 %</b>		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Prognosert tilgang til industrien pr. august byggjer på arealprognose, estimerte avlingar pr. dekar korrigert for korn som går til såkorn og leigemaling og andel matkorn for kveite og rug.

## Prognose for areal og arealfordeling

Kornarealet vart redusert med 62 000 dekar frå 2017 til 2018. Dette er i stor grad kompensert av auka grasareal. Denne utviklinga kan vere reversert i større eller mindre grad i år.

I kornsesongen 2018 vart ein del kornareal hausta som grovfôr, men areala kunne likevel bli godkjent for produksjonstilskott som korn. Det er usikkert om alle produsentar har utnytta dette, men vi legg til grunn at arealdata for 2018 representerer arealet som vart sådd for korn det året.

Det var gunstige vilkår for såing av korn hausten 2018 og arealet utlagt med haustkorn var stort; estimert til 600 000 dekar kveite. I dette arealet ligg bruk av korn som ikkje vart kjøpt hausten 2018, men låg over frå 2017. Overvintringsproblem har medført behov for omsåing av haustkornareal i vår, estimert til 25 %.

Ein del vårkorn er i år truleg sådd med usertifisert korn; i prognosen er det likevel lagt til grunn at registrert sal av sertifisert vårkorn kan danne grunnlag for prognosert arealfordeling. NIBIO har levert data for arealfordeling ut frå såkornomsetninga.

Prognosen legg til grunn uendra kornareal totalt i 2019:

Arealfordeling 2014 - 2019 (dekar)							Endring frå 2018
	2014	2015	2016	2017	2018	2019	
Haustkveite	205 474	375 711	114 213	302 794	98 955	450 000	351 000
Vårkveite	585 034	480 096	552 434	453 771	485 764	371 000	-115 000
<b>Kveite</b>	<b>790 508</b>	<b>855 807</b>	<b>666 647</b>	<b>756 565</b>	<b>584 719</b>	<b>821 000</b>	<b>236 000</b>
Rug, rugkveite	60 846	104 104	45 460	83 628	33 166	77 000	44 000
Bygg	1 259 617	1 225 484	1 367 167	1 341 631	1 470 877	1 304 000	-167 000
Havre	714 966	629 935	758 377	672 555	694 062	583 000	-111 000
<b>Korn</b>	<b>2 825 937</b>	<b>2 815 330</b>	<b>2 837 651</b>	<b>2 854 379</b>	<b>2 782 824</b>	<b>2 785 000</b>	<b>2 000</b>
Oljefrø, åkerbønner	40 999	34 707	41 301	23 002	32 523	30 000	-3 000
<b>Korn/oljvekstar</b>	<b>2 866 936</b>	<b>2 850 037</b>	<b>2 878 952</b>	<b>2 877 381</b>	<b>2 815 347</b>	<b>2 815 000</b>	<b>0</b>

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

## Prognose for avling i kg pr. dekar

For prognosering av avling pr. dekar blir det kjøpt estimat frå Norsk Landbruksrådgiving. NIBIO leverer ikkje lenger prognose for estimert dekaravling, sidan det er for mange år med ekstraordinære vekstvilkår som modellane som prognosen bygde på ikkje er kalibrerte for. NIBIO konkluderte med dette i e-post av 04.10.2018 etter ei rekke sesongar med vår i vekstsesongen som avvik frå det normale:

*«Bakgrunnen for utviklingen av den modellbaserte avlingsprognosen var at den skulle være et mest mulig objektivt alternativ til den skjønnsmessige vurderingen utført av NLR. Når man jobber med disse tingene, begynner det å bli mer og mer tydelig at frekvensen av vår i vekstsesongen som skiller seg fra det vi anser som innenfor normalen øker. I år var det lett å ta en beslutning om at det ikke var riktig å kjøre avlingsmodellen, siden været lå så klart utenfor det været vi har i kalibreringsmaterialet. Det er imidlertid andre ganger der det ikke er like opplagt, men der en i ettertid lett forledes til å gå inn og vurdere og vekte modellresultatene, eller man ender rett og slett opp med å forkaste hele kjøringen. Da er*

*vitsen med objektivitet borte. Jeg mener at det nå har kommet til et punkt der det ryddigste blir å avvikle den modellbaserte avlingsprognosen. Dette påvirker ikke arealprognosen, som vi er innstilte på å videreføre inntil vi får beskjed om noe annet.»*

Avdelingar i Norsk Landbruksrådgiving har vurdert avlinga og gitt innspel pr. 07.08.2019. Rådgjevarane har for nokre regionar gitt kommentarar til avlingsvurderingane:

#### **Norsk Landbruksrådgiving Øst, Øsaker:**

*«Vi tror vi får et godt kornår i år. Vi anslår avlingene til å ligge på rundt samme nivå som i 2017. Arealet av høstkorn er rekordstort og vil dra opp gjennomsnittet for hvete generelt.»*

*Det var svært gode forhold for etablering av høstkorn i fjor høst. Høstkornet har overvintret godt de fleste steder i Østfold, det er tatt opp noe høsthvete i indre deler av fylket grunnet oppfrost. Vårkornet fikk også en fin etablering, fine forhold under våronna. Det har vært en vekstsesong med passe med nedbør. Vårkornet, inkl. oljevekster, erter og åkerbønner ser lovende ut. Generelt er det mye pene åkre av både høstkorn og vårkorn i år. Innhøstingen har så vidt startet, og det er tresket en del høstbygg og noe høsthvete og vårbygg, og avlingene er gode på det som er høstet.»*

#### **Norsk Landbruksrådgiving Øst, Hvam:**

*«Generelt ser det ut til å gå mot et veldig bra kornår her. En betydelig del av høstkorn ble sådd om igjen, men der vokser det nå fine vårkornåkre. Tynne høstkornåkre har busket seg godt, og ser nå mye bedre ut.»*

*Vi ser godt arealer hvor det er dårlig drenering; der gulnet åkeren på forsommeren. Noe areal ble sådd svært seint, og der er nok avlingspotensialet ikke så bra. I Akershus utgjør dette en svært liten del av hele kornarealet.*

*Mesteparten av vårkornarealet ser riktig pent ut, og det er svært lite legde.*

*Så langt har vi tresket et forsøksfelt med vinterbygg, her var det veldig god avling. Det lover godt for det øvrige høstkornarealet.»*

#### **Norsk Landbruksrådgiving Øst, Roverud:**

*«Mye taler for at vi kan få et veldig godt kornår i år. Det som ble sådd tidlig har fått nær optimale forhold, med kjølig temperatur og tilstrekkelig nedbør under den vegetative fasen. Dette har gitt oss store arealer med tette og fine åkere. På grunn av tørken valgte mange å droppe delgjødsling til bygg og hvete i fjor. Derfor mener jeg at det er grunnlag til å forvente noe høyere økning i disse artene.»*

*En del steder ble våronna krevende på grunn av regn annenhver dag som gjorde det vanskelig å få sådd. Vi har også sett noen tørkeflekker på den skarpeste sandjorda som et resultat av finværet i juli. Det er klart at dette vil kunne være med på å trekke snittet noe ned, men helhetsinntrykket er godt. Dersom høsten blir fin, vil vi kunne høste gode avlinger i år.»*

#### **Norsk Landbruksrådgiving Innlandet, Blæstad:**

*«Hvete: En god del høsthvete ble harvet opp igjen i vår, så høsthveteandelen er mindre enn vi forventet i fjor høst. I noen høsthveteåkrer er det sådd i vårhvete med godt tilslag. Disse blir da fôr. Vårhveten ser bra ut. Den tålte de store nedbørsmengdene vi fikk i Innlandet i mai-juni veldig godt.»*

Åkrene er tette og jevne med ok størrelse på aks. Vi er imidlertid spent på hvordan nedbørunderskuddet i juli har slått inn på matinga. Vi ser tidlig sådde åkrer med stor variasjon i fargen, med relativt store områder som gulner tidligere enn de andre.

Rug og rughvete: Det er sådd lite rug etter motstanden mot rug i markedet, prisutviklingen og kostnaden med å fjerne mjøldrøye. Årets avling blir relativt liten samlet sett da det også er sådd begrenset med rughvete. Vi antar avlinga blir på snittet.

Bygg: Byggavlingene i området kan deles i to:

1: Åker sådd i april og fram til 5-6. mai. Denne ser bra ut, tett og fin med bra aks. Matingen ser ok ut, med runde korn. Noen åkrer skifter farge variabelt over skiftet, noe som tyder på grader av tvangsmodning. Etter snøværet 6. mai ble det gjort svært lite våronn de neste 8-10 dager.

2: Åker sådd fra rundt 17. mai: Åkeren er svært variabel. Mye åker ble sådd på ulagelig jord og det kom svært store nedbørsmengder i starten av veksten. Mange åkrer er tynne med korte aks, enten hele – eller deler av åkeren. De åkrene som ble sådd seint har normalt et lavere avlingsnivå enn de som ble sådd tidlig, da h.o.h. var viktig (avstand fra Mjøsa).

Det ble sådd åker fram til etter St. Hans.

Havre: Det er sådd lite havre på Hedmarken. Vi har ikke noen klar formening om avlingsnivået, men antar det ligger på 10-års normalen.

Oljefrø: Vi har noen få høstrapsåkrer og noen få vårsådde oljevekståkrer. Vi forventer derfor at høstrapsen vil bety en god del for avlingsnivået. Noen åkrer med vårrybs el vårraps ble hardt angrepet av glansbiller. Samlet har vi har satt nivået opp på normalen.»

### **Norsk Landbruksrådgiving, Viken:**

«Generelt ser det ut til å bli svært gode avlinger i Vestfold i år:

- De ytre områdene av Vestfold har svært gode kornarealer i år. God overvintring av høstkorn.
- I indre strøk var overvintring av høstkorn dårlig, og mye areal ble tatt opp og sådd til på nytt. De arealene som ikke ble pløyd opp, har utviklet seg svært godt og ser også ut til å gi god avling. Her ser også bygg bra ut.
- Oljevekster ser svært bra ut over hele fylket, både høstsådd og vårsådd.
- Havre ser ut til å ha tatt mer skade av den tørre perioden i juni enn andre kornsorter. En del havreåkre ser hvite og pregede ut, og prognosen er derfor satt omtrent på middelveidien.»

### **Norsk Landbruksrådgiving, Trøndelag (Sør):**

«Vi forventer et godt år. Det har vært frodig vekst på det meste tidlig i sesongen etter en tidlig og fin vår. Årets utfordringer har vært tendenser til vått nok i juni/tidlig juli, men med god nok næringsforsyning er avlingspotensialet stort. Tendenser til noe legde. Litt rask mating i den varmeste perioden kan gi smått korn på tidlige sorter og arealer. Noe sent angrep av sopp på deler av arealene, men de store arealene ser svært lovende ut.»

### **Norsk Landbruksrådgiving, Trøndelag (Nord):**

«Det blir eit veldig bra år om alt kjem i hus. Lite legde og generelt moderat med sjukdommar.»

## Prognose for avling

Tabellen under viser historiske avlinger pr. dekar og prognosert avlingsnivå:

### Avling, kg/dekar

Kornslag	2014	2015	2016	2017	2018*	Ti års snitt	Prognose 2019	I forhold til 2018	I forhold til ti års snitt
Kveite	492	574	465	537	241	430	543	225 %	126 %
Rug	625	635	509	596	362	468	601	166 %	128 %
Bygg	420	414	465	424	274	375	448	163 %	120 %
Havre	396	452	473	430	220	369	449	204 %	122 %
<b>Totalt korn</b>	439	479	468	460	255	390	480	188 %	123 %
Oljefrø	199	240	216	295	223	201	207	93 %	103 %

## Matandel og fordeling av matkveite pr. proteinklasse

Fordelinga av tilgangen av kveite og rug mellom mat- og fôrkorn blir sterkt påverka av vêret før treskinga og er uråd å estimere så tidleg i august. Matandelen tek difor utgangspunkt i ti års medianverdi for matandel. Denne er 59 % for kveite og 52 % for rug. Problem med mjølauke i rug dei siste åra har gjort at fleire no dyrkar rugkveite som går til fôr i staden for rug. Dette har redusert den samla matandelen og denne er i prognosen sett som gjennomsnittet for dei siste to åra, dvs. 37 %.

## Forbruksprognose

### Foredling av matkorn i Norge

Prognosen for totalt forbruk av matkorn hos norske matmjølmøller er basert på forbruksstatistikk frå Landbruksdirektoratet til og med juni i år. Tabellen under viser forbruket dei siste sesongane, og prognose for perioden juli 2019 – september 2020.

Matkornforbruk pr kornsesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2014/2015	274 945	22 124	3 187	30 888	331 144
2015/2016	276 701	21 122	3 517	30 281	331 621
2016/2017	279 211	21 177	3 232	30 145	333 765
2017/2018	273 813	22 080	3 450	35 727	335 070
2018/2019*	269 300	20 300	3 000	34 200	326 800
Prognose 19/20	264 000	20 000	3 400	34 000	321 400

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

## Produksjon av kraftfôr

Forbruksprognosane for kraftfôr baserer seg på statistikk for omsetning av kraftfôr og leveransar av husdyrprodukt til og med 2. kvartal i år. Vidare er og produksjons- og salsprognosar for husdyrprodukt brukt opp mot trend for forbruk av kraftfôr pr. kg husdyrprodukt. For drøvtyggarar er det sett bort frå forbruket av kraftfôr pr. kg kjøtt og mjølk i 2018/2019 i trendfastsettinga, sidan forbruket den sesongen var ekstraordinært prega av sterkt avvikande tilgang til grovfôr. For siste delen av prognoseperioden manglar anslag for husdyrproduksjonen og prognosen legg til grunn gjennomsnittleg forbruk i tre respektive føregåande kvartal.

Forventa omsetning frå og med 4. kvartal i år og til og med 3. kvartal neste år er prognosert under:

Krafftôromsetning per kornsesong (tonn)					
	Drøvtyggar	Svin	Fjørfe	Anna	Sum
4K14 - 3K15	1 010 312	495 779	426 925	22 386	1 955 402
4K15 - 3K16	1 012 834	498 346	436 699	19 094	1 966 973
4K16 - 3K17	1 004 677	491 545	458 736	16 823	1 971 781
4K17 - 3K18	1 053 443	487 750	444 983	16 753	2 002 929
4K18 - 3K19*	1 102 400	463 300	468 600	18 300	2 052 600
<b>4K19 - 3K20**</b>	<b>1 058 000</b>	<b>458 000</b>	<b>479 000</b>	<b>18 500</b>	<b>2 013 500</b>
Endring	-4,0 %	-1,1 %	2,2 %	1,1 %	-1,9 %


(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

### Suppleringsimport av karbohydratråvarer til krafftôr

Norsk fôrkorn dekkjer ein del av råvareforbruket til krafftôr, men må supplerast med importert korn eller andre karbohydratråvarer. I tillegg blir det importert protein- og feitråvarer i tillegg til vitaminar og mineralar. Det er suppleringa av karbohydrat som blir estimert i denne prognosen.

Det totale forbruket av karbohydratråvarer (inklusive korn) blir rekna ut frå den totale prognoserte produksjonen av krafftôr og prognosert andel karbohydrat i krafftôret.

Karbohydratandelen blir estimert med bakgrunn i kvartalsvise forbruksdata som industrien gir til Landbruksdirektoratet. Trenden fram til den førre sesongen tilseier framleis nedgang i andelen karbohydrat i forhold til forbruket av protein og fett. I framskrivinga er det sett bort frå registrert forbruk i perioden frå og med 4. kvartal 2018 og andelen i perioden 2015/16 er korrigert opp med 1 prosentpoeng for å korrigere for ein ekstraordinær sesong (figuren viser registrerte data ukorrigert):



Meir detaljert oversikt er gitt i tabellen under:

	Andel karbohydrat	
	Registrert	Prognose
2016/2017	70,2 %	
2017/2018	70,6 %	
4. kvartal 2018	73,8 %	
1. kvartal 2019	73,9 %	
2. kvartal 2019	74,2 %	
3. kvartal 2019		72,0 %
4. kvartal 2019		70,3 %
1. kvartal 2020		69,5 %
2. kvartal 2020		69,5 %
3. kvartal 2020		70,2 %
4K18 - 3K19*		69,9 %

Dette gir følgjande prognoserte forbruk av karbohydratråvarer i kraftfôr i sesongen:

Forbruk av karbohydratråvarer (tonn)		
<b>Forbruk</b>		
Kraftfôrsal	2 013 500 tonn	
Andel karbohydratråvare	69,9 %	
Behov karbohydratråvarer		1 407 000
-Tilgang av kli frå norske matmjølmøller		59 000
Karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr		1 348 000

## Fordeling av tilgangen av norsk korn

Det er ikkje overlagra korn etter den førre sesongen.

Prognosen korrigerer for at grynhavre og matbygg blir sortert ut frå tilgangen av desse kornslaga og vidare for at ein mindre del matkveite blir brukt til kraftfôr.

Fordelinga av matkveite mellom ulike proteinkvalitetar (klasse 1-5) er avgjerande for å kunne bruke tilgjengeleg norsk matkveite. Det er i år prognosert stor tilgang av matkveite klasse 4 og 5 (haustkveite) som skaper utfordringar for å kunne bruke alt i sesongen.

## Minste import av karbohydratråvarer

Norske Felleskjøp har vurdert minste behov for import av matkorn og kornråvarer til kraftfôr (karbohydratråvarer).<sup>1</sup>

<sup>1</sup> Rapport «Rom for bruk av norsk korn» av 01.12.2017

Importvurdering karbohydrat (tonn)	Rapport		Aktuell sesong	
	Minimum	Robust	Minimum	Robust
Kraftfôromsetning	1 971 781		2 013 500	
Behov for betepulp/roesnittar	75 000	90 000	77 000	92 000
Behov for mais	50 000	70 000	51 000	71 000
Behov for melasse	60 000	60 000	61 000	61 000
Behov for økologisk vare		15 000	15 000	15 000
Behov for kveite	200 000	250 000	204 000	255 000
Behov for fiberråvare	50 000	70 000	51 000	71 000
Minimums behov for essensielle karbohydratråvarer	435 000	555 000	459 000	565 000
Norsk fôrkveite	-200 000	-250 000	-204 000	-253 000
Norsk kli	-50 000	-50 000	-51 000	-59 000
Korreksjon for ubrukte kvoter førre kvotesesong	0	0	0	0
<b>Suppleringsbehov karbohydratråvare</b>	<b>185 000</b>	<b>255 000</b>	<b>204 000</b>	<b>253 000</b>
Tilgang karbo gjennom bilaterale kvoter (tollfritt)	-65 000	-65 000	-65 000	-65 000
Tilgang kli via MUL-import (tollfritt)	0	0	0	0
<b>Minimumskvoter til auksjon</b>	<b>120 000</b>	<b>190 000</b>	<b>139 000</b>	<b>188 000</b>

Minstekvotene vil bli korrigert gjennom sesongen for MUL-importen.

Prognosert produksjon av kraftfôr og karbohydratandel gir følgjande potensielle rom for norsk fôrkorn i sesongen:

	Minimum	Robust
Minstekvote for auksjon i sesongen	139 000	188 000
+ Kvoter for mais og maisgrits - EU	25 000	25 000
+ Kvote for roemelasse - GSP	40 000	40 000
+ MUL; importert og lisensiert import rest av sesong	0	0
<b>Minimumstilgang til import i sesongen</b>	<b>204 000</b>	<b>253 000</b>

Det teoretiske rommet for norsk korn med gitt bruk av råvarer til kraftfôr og definert minste importbehov er vist i tabellen under:

	Minimum	Robust
Totalt behov for karbohydrat	1 348 000	1 348 000
Minimumsbehov for import i sesongen	-204 000	-253 000
<b>Teoretisk rom for norsk fôrkorn</b>	<b>1 144 000</b>	<b>1 095 000</b>

Det er prognosert mindre tilgang av norsk fôrkorn enn teoretisk rom for fôrkorn. Industrien sitt behov for særskilde råvarer kan difor bli dekt utan å fastsette minimumsimport.

### Fordelinga av tilgjengeleg norsk korn

Klassefordeling av matkveiten basert på omsetninga av såkorn og korreksjon for bruk av overliggende såkorn er vist under. Med gitte føresetnadar om forbruk blir det overskott av matkveite som kan medføre behov for tiltak mot overskott i form av overlaging eller prisnedskrivning til fôr:



## Klassefordeling

	2018/19	Prognose sesong 2019/20			
	Fordeling klasse	Fordeling klasse	Tilgang (tonn)	Forbruk (tonn)	Balanse (tonn)
Klasse 1	35,8 %	18,5 %	46 700	(46 700)	-
Klasse 2	8,6 %	6,3 %	15 900	(15 900)	-
Klasse 3	37,5 %	17,3 %	43 700	(43 700)	-
Klasse 4	6,9 %	25,4 %	63 600	(45 300)	18 300
Klasse 5	11,3 %	32,4 %	81 100	(5 400)	75 700
I alt	100,0 %	100,0 %	251 000	(157 000)	94 000

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

I prognosen er det føresett at overskott av klasse 5 blir omdisponert til fôr og at eventuelt overskott av 18 300 tonn klasse 4 blir overlagra. Dette vil bli vurdert nærare seinare, i første omgang i septemberprognosen. Tabellen under gir oversikt over den forventede fordelinga av kornet i sesongen.

### Fordeling av norsk korn mellom matkorn og fôrkorn (tonn)

Kornbalanse (tonn)	Mat-kveite	Matrug	Fôr-kveite	Fôrrug	Bygg	Havre	Fôrkorn
Overlagra etter førre sesong	0	0	0	0	0	0	0
Prognosert ny tilgang	253 000	17 000	175 000	29 000	551 000	248 000	1 003 000
Mat/fôr	-2 000		2 000		-3 000	-29 000	-30 000
=Tilgang	251 000	17 000	177 000	29 000	548 000	219 000	973 000
Omdisponering	-76 000	0	76 000	0			76 000
-Prognosert forbruk	157 000	17 000	253 000	29 000	548 000	219 000	1 049 000
=Prognosert balanse	18 000	0	0	0	0	0	0

Restbalansen representerer føresett overlaging av klasse 4.

## Importbehov av karbohydratråvarer til kraftfôr

Basert på tilgangen av norsk korn får vi følgjande behov for supplering i form av importerte karbohydratråvarer i sesongen:

Suppleringsbehov karbohydratråvarer (tonn)	
Karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr	1 348 000
Rom for norsk fôrkorn	1 144 000 tonn
Aktuell tilgang av norsk fôrkorn	1 049 000 tonn
Norsk korn tilgjengeleg til kraftfôr etter svinn *) **)	-1 036 000
<b>Underdekning av karbohydratråvare totalt</b>	<b>312 000</b>

\*) Korreksjon for anna bruk av karbo 2 200 tonn \*\*) Svinn 1,0 %

Dette gir ein andel norsk korn og kli i samla kraftfôrproduksjon på 54 %.

## Underdekning av matkorn

Importkvota for matkorn vert gitt som ei samla kvote. Som grunnlag for den samla importkvota er dei enkelte kornslaga vurdert for seg.

Det er underdekning av økologisk grynhave og det trengs import. Ut frå forventa forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskprodusert matkorn, vil det vere behov for følgjande supplerande import av matkorn i sesongen:

<b>Importbehov matkorn (tonn)</b>					
	<b>Kveite</b>	<b>Rug</b>	<b>Bygg</b>	<b>Havre</b>	<b>Sum</b>
Forbruksprognose	264 000	20 000	3 400	34 000	321 400
Norsk matkorn	157 000	17 000	3 400	29 000	206 400
Underdekning matkorn	107 000	3 000	0	5 000	115 000

Dette gir ein andel norsk matkorn i totalt norskforedla matmjøl på 64 %.

### Forslag om importkvotar

Norske Felleskjøp foreslår importkvotar for Landbruksdirektoratet. Forslaga skal vere i samsvar med prognose.

Ved tildeling av importkvotar kan Landbruksdirektoratet i augustauksjonen tildele mellom 25 og 55 % av prognosert importbehov i sesongen.

### Forslag om importkvote for fôrkorn

På grunn av usikker tilgang av fôrkeite, er det lagt til grunn ei forsiktig tildeling av kvote i august og andelen av prognosert kvote er sett til 35 %. Norske Felleskjøp foreslår følgjande tildeling av importkvotar for karbohydratråvarer i auksjonen i august:

<b>Prognosert suppleringsimport karbohydrat, august 2019 (tonn)</b>	
Prognosert behov for import i sesongen	312 000
- Kvoter for mais og maisgrits - EU	-25 000
- Kvote for melasse - GSP	-40 000
Korreksjon for utnyttta MUL-lisensar i siste kvoteår	0
Suppleringsimport inklusive MUL-import	247 000
Importbehov sep-nov inklusive MUL-import	35 % 86 000
- MUL-lisensar august-november	-3 000
<b>Forslag til importkvote med administrert toll</b>	<b>83 000</b>

For import frå MUL-land er det fri tilgang til importlisensar. Lisensane gjeld for perioden august - juli. Denne importen skjer uavhengig av tollkvotetildelinga og må takast omsyn til ved utlysing av auksjon av kvote med redusert toll. Det er gitt tollfri kvote for sukkermelasse frå GSP-land på 40 000 tonn. Industrien har vidare tilgang til tollfri import av inntil 15 000 tonn mais og 10 000 maisgrits frå EU.

I august korrigerer vi også for at importen av MUL-varer i den førre sesongen normalt er mindre enn tildelte lisensar. I siste periode for 2018/2019 vart det ikkje bedt om lisensar for slik import og det vart ikkje prognosert behov i den perioden som gir grunnlag for korreksjon.

### Forslag om importkvote for oljefrø

Suppleringsimport av oljefrø vert fordelt på auksjonane i august og november. Forbruket gått ned dei siste åra. Sett mot prognosert tilgang av norskprodusert oljefrø, korrigert for estimert 41 % åkerbønner og estimert forbruk til matolje, har bransjen behov for følgjande suppleringsimport i sesongen:

<b>Importbehov oljefrø 2019/2020</b>	
Forbruk til kraftfôr	11 000
- Tilgang norsk oljefrø	-4 000
+ Forbruk til matolje	400
<b>Importbehov oljefrø</b>	<b>7 400</b>

Underskottsområda har trong for tilførsel av importert oljefrø frå starten av sesongen og Norske Fellekjøp foreslår å tildele 55 % av kvoten i august. Dette gir ei kvote på 4 000 tonn.

### **Forslag om importkvote for matkorn**

Norske Fellekjøp har lagt til grunn at 40 % av sesongbehovet blir tildelt i august, som gir følgjande importkvote:

<b>Prognosert suppleringsimport matkorn, august 2019 (tonn)</b>	
Prognosert importbehov, sesong	115 000
- Import under kvoter for durumkveite	-1 200
Suppleringsimport inklusive MUL-import	113 800
Importbehov inklusive MUL-import	40 % 46 000
- Lisensiert nulltollimport frå MUL-land	0
<b>Forslag til importkvote med administrert toll</b>	<b>46 000</b>

Sesongen har utvikla seg bra, så det kan vere potensiale for større tilgang av matkorn enn prognosert. Tildelinga av kvoter bør difor ikkje settast høgare enn foreslått andel. Industrien bør likevel ta høgde for at kvotane kan bli mindre enn det denne tidlege prognosen tilseier.

Import frå MUL-land der det er fri tilgang til importlisensar og særskilt avtalte kvoter med andre land, blir tildelt uavhengig av prognosen og må takast omsyn til ved utlysing av auksjon av kvote med redusert toll. Det er ikkje søkt om MUL-lisensar for import av matkorn, men det er lagt til grunn at import av durumkveite blir som i 2018 då det vart importert 1 200 tonn.

## VEDLEGG

### Oversikt over tilgang tidlegare år: Tilgang korn (tonn)

	Matkveite	Fôrkveite	Total	Matrug	Fôrrug og rugkveite	Total rug/rugkveite
2004/05	336 060	55 818	391 878	33 192	5 811	39 003
2005/06	355 252	22 663	377 915	25 872	7 563	33 434
2006/07	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 226	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 791	127 458	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 335	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	217 471	150 946	368 418	31 259	6 764	38 023
2015/16	147 734	324 001	471 735	36 591	29 532	66 123
2016/17	224 867	65 522	290 389	13 457	9 529	22 987
2017/18	148 389	235 715	384 104	20 929	28 849	49 777
2018/19	84 353	42 055	126 408	2 438	5 306	7 744
<b>Prognose</b>	<b>253 000</b>	<b>175 000</b>	<b>428 000</b>	<b>17 000</b>	<b>29 000</b>	<b>46 000</b>

### Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner	Rug-kveite <sup>1)</sup>
2004/05	599 521	353 222	1 383 624	2 476	12 237	642
2005/06	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220	223
2006/07	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519	49
2007/08	456 091	260 427	1 136 329	8 691	8 966	67
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722	353
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819	248
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165	466
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577	116
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315	184
2013/14	479 429	212 361	902 179	963	6 015	413
2014/15	498 860	269 693	1 174 994	2 087	9 648	1 262
2015/16	474 394	268 737	1 280 989	3 535	10 403	3 926
2016/17	601 722	339 272	1 254 370	5 070	11 450	3 861
2017/18	544 725	269 813	1 248 420	3 762	10 226	17 058
2018/19	406 544	146 299	686 995	2 729	7 238	4 704
<b>Prognose</b>	<b>551 000</b>	<b>248 000</b>	<b>1 273 000</b>	<b>3 000</b>	<b>6 000</b>	

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

<sup>1)</sup> Bliir rekna som fôrrug i statistikk og prognose